Det vil tjene helheten i prosjektet om utbyggingsprosessen blir gjennomført som en samlet operasjon. Dette forutsetter at eier- og drifterselskapene og nødvendig kapital er på plass før utbyggingen starter.




**PRIORITERTE UTBYGGINGSPROSJEKT:**  
(se neste sider)





## **FUNKSJON SKOLE: UTBYGGINGSPROSJEKT: NY BARNESKOLE**

Det foreligger planer om å bygge ny barneskole for Gol. Dette vil i seg selv gi en effektiviseringsgevinst og sikre at 3 skolenivåer blir samlet inn mot idretten og fritidsaktiviteter som SFO og liknende. Dessuten vil plassering av egen barneskole i området (vest for gangveien til Petterbråten) sikre at barna får oppvekstvilkår med nær tilgang til naturkvaliteter. Med god tilgang til naturopplevelser og idrettsaktiviteter vil også læringen ha gode vekstvilkår.



### ***Metafor: "Plutoskole"***

- ***Profil: Fasaden er Pluto-inspirert. Plutofarger dominerer.***
- ***Innhold: Pluto går i en egen bane rundt solen som ikke følger de andre planetenes mønster. Slik sett er ikke Pluto noen planet. Barna skal ikke bli "voksenkopier". De skal "finne sin egen bane i livet". Plutoskolen vil gi inspirasjon til nettopp dette.***






**FUNKSJON: IDRETT**

## **UTBYGGINGSPROSJEKT: NY KUNSTFROSSEN SKØYTEBANE**

I forbindelse med kommunedelplanen er eksisterende skøytebane på Glitre i annen del av Gol sentrum foreslått omdisponert til industriareal. Med den kapitalen som der frigjøres kan det anlegges en kunstfrossen isflate (med hurtigløp i internasjonal målestokk) i Hallingmo-området.

Ved plasseringen av en slik bane vil en måtte ta spesielle hensyn til solforhold.

Ved å bygge et kombinasjonsanlegg vil en kunne bruke flaten til femmer og sjuer fotball om sommeren.



***Metafor “Mars-bane”***

- ***Profil: Profilen på anlegget er Mars-inspirert. Marsfarger dominerer.***
- ***Innhold: Skøyter om vinteren og fotball om sommeren (fra mai til oktober).***






## **FUNKSJON: KULTUR, FRISKLIV OG SKOLE UTBYGGINGSPROSJEKT: NYTT SERVICE-SENTER (MIDT-BLOKK)**

Sentrum i Hallingmo-konseptet vil være Servicesenteret (Midtblokka). Det er herfra at alt vokser og utvikler seg på Hallingmo. Servicesenteret tilfører ressurser / muligheter som alle leietakere kan få glede av. Slike ressurser kan være felles resepsjonstjenester, bibliotek, kafeteria / servering, voksenopplæringssenter, idrettsklinikk, behandlingsbasseng, trimrom / styrkerom, booking av saler / rom, utleie av utstyr, kopiering m.v.

Det vil være naturlig å knytte deler av servicebygget opp mot eksisterende og nye bygg, slik ordføreren har foreslått i sin modell. Bibliotek og velkomstsenter / kafeteria vil antakelig trenge hele grunnflaten i servicebygget.



### ***Metafor: "Terra-senter"***

- ***Profil: Fasaden er Terra-inspirert. Jordfarger dominerer.***
- ***Innhold: Resepsjon / mottakelse, utstilling / presentasjon, Luna- bibliotek, kafeteria, voksenopplæringssenter, Neptun klinikk (friskvern-senter), idrettsklinikk / rehabilitering / behandlingsbasseng, kontorer, møterom etc.***





## FUNKSJON: IDRETT UTBYGGINGSPROSJEKT: NY STORHALL/IDRETTSHALL

En storhall med kombinasjonsløsninger mot en ny idrettshall vil gi et løft for idretten i Hallingdal. Et slikt hallsystem i Gol – sentralt plassert midt i Sør-Norge – vil gi et nytt bidrag til idretten. Storhallen sin størrelse må avklares videre som en del av prosessen. Men en bør ta utgangspunkt i at hallen får moderne kunstgress, dvs at den kan bli spilleflate nr.2 med kunstgress i Gol.

Moderne teknologiske løsninger bør benyttes for å legge / skifte gulv i storhallen eller i deler av denne. Hallen bør få delevegger som kan senkes ned. Dette muliggjør parallelle aktiviteter.

En storhall og idrettshall gir sammen med svømmehallen og evt. behandlingsbasseng god utnyttelse av hallressursene. Lokalisering slik som foreslått av ordføreren, gir gode muligheter for styring og koordinering av kommunens egen ressursbruk (i første rekke energi og personalkostnader). Det at nye anleggsenheter plasseres så vidt nær skolene gir ideelle forhold.



### **Metafor: “Jupiter-hall”**

- **Profil:** Fasaden er Jupiter-inspirert. Jupiterfargen dominerer.
- **En ny idrettshall i tilknytning til Jupiterhallen blir månen “Europa”.**
- **Innhold:** Det kan være en ide å anlegge en klatrevegg i storhallen / idrettshallen. Gjerne inspirert av overflaten på Jupiter eller Mars.






## **FUNKSJON KULTUR: UTBYGGINGSPROSJEKT: ”NYE KULTURSALER”**

Når ny idrettshall er bygget, vil eksisterende samfunnssal kunne frigjøres og oppgraderes til kultursaler. Eksisterende bibliotek kan videre frigjøres til kulturskole.

Dette skaper helt nye muligheter for organisert og uorganisert aktivitet. Spesielt den uorganiserte delen av ungdommen kan her få et tilbud som tilfredsstiller deres behov. Ny ungdomsklubb vil kunne være et av disse.


For den organiserte ungdommen vil man i kultursalene kunne gjennomføre parallelle aktiviteter inn mot musikkverksted, jamme-grupper med mer. Et helt spekter av kulturelle aktiviteter.

Også for den voksne del av befolkningen vil kultursalene kunne bli et begrep. Her kan det tenkes et utall arrangementer – gjerne i samarbeid med biblioteket på stedet.



**Metafor: “Venus-salene”**

- *Profil: Interiøret er Venus-inspirert. Venusfarger dominerer.*
- *Innhold: Samfunnssalen deles opp i flere mindre kultursaler som sammen kan danne en storsal*



### **SLUTTORD:**

**Utbyggingsprosjektene kan med fordel tas som ett utbyggingsprosjekt. Dette blir det store løftet for Hallingmo, Gol og Hallingdal.**

**Kostnadsplaner og finansieringsplaner for utbyggingsprosjektene vil kunne lages når romprogram er definert og prosessen har gått et skritt videre. Det er ønskelig å trekke brukergruppene aktivt med i den detaljerte programmeringen videre før anslag på kostnader og finansiering fremlegges.**



# Gol kommune

## SAMLA SAKSFRAMSTILLING

### MØTEBOK

Saksnr. 21/07  
Arkivsaksnr.: 07/411  
Arkivkode: 143

Saksbehandler: Liv Rosén

| Saksnr.: | Utvalg             | Møtedato   |
|----------|--------------------|------------|
| 15/07    | Tilsetjingsutvalet | 22.03.2007 |
| 21/07    | Formannskapet      | 07.06.2007 |
| /        | Kommunestyret      |            |

#### HALLINGMOPROSJEKTET - VIDAREFØRING

Generelle saksopplysningar:

Politisk behandling i: Formannskapet. Kommunestyret

Vedtaksorgan: Kommunestyret.

Saksdokument:

1. Sak K 47/06 Hallingmoprosjektet - Forprosjekt
2. Hallingmoprosjektet. Forprosjektrapport mai 2007
3. Hallingmo-permen. Vedlegg til Forprosjektrapport

Dokument nr. 2 fylgjer som vedlegg.

#### Saksopplysningar:

I "Utviklingsplan for Gol tettstad" er Hallingmo utpekt som eit prioritert utviklingsområde i Gol sentrum. Gol kommunestyre vedtok i sak K 47/06 å etablere eit forprosjekt for vidareutvikling av Hallingmo-området. Det blei nedsett eit arbeidsutval med ordførar Jan Halvard Brekko, Arve Rustberggard (repr. for Gol Idrettsråd) og Birger Rustberggard (repr. for næringslivet i Gol). Kjell Haukeland blei engasjert som prosjektleiar. Formannskapet har vore styringsgruppe for prosjektet.

Mandatet for prosjektleiinga har vore å legge fram idéskisser for Hallingmo-området, finne fram til aktuelle samarbeidspartnarar og utarbeide kostnadsoverslag og finansieringsplan for prosjektet.

Forprosjektet skulle vera fullført innan 15. mai 2007.

21. mai 2007 blei forprosjektrapporten lagt fram for styringsgruppa. Rapporten er ein funksjonsanalyse av utviklingsmoglegheitene for idrett, skule, kultur, friskliv og aktivitetar i området Hallingmo. Forprosjektrapporten gjer greie for mål/rammer/universelle prinsipp, prinsipp for gjennomføring/prioriterte utbyggingsprosjekt, samt tilrådingar frå arbeidsutvalet.

## Sak 31/07, vedlegg 2

Arbeidsutvalet har ikkje funne det føremålstenleg å finne fram til aktuelle samarbeidspartnarar for prosjektet, men har heller konsentrert arbeidet om å få innspel/dialog med interesseeigarar som seinare kan bli samarbeidspartnarar.

Arbeidsutvalet har ikkje utarbeidd kostnadsoverslag og finansieringsplan for prosjektet.

Utvalet påpeikar at dette må gjerast på eit seinare steg i prosessen, når eigarskap og driftsformer er konkretisert og det er utarbeidd romprogram for dei forskjellige delprosjekta.

### **Målsetjingar.**

Arbeidsutvalet har forankra arbeidet sitt i følgjande målsetjingar:

#### Hovudmål.

- ❑ Hallingmo skal i eit folkehelseperspektiv vidareutviklast som eit område for idrett, skule, kultur, idrett, friskliv og aktivitetar.

#### Delmål.

- ❑ Hallingmo skal vera eit helsefremjande prosjekt som fremjar aktivitet, god helse og trivsel hjå innbyggjarane i heile Hallingdal
- ❑ Hallingmo skal vidareutvikle Gol som destinasjon for tilreisande turistar og deltakarar på arrangement – med stort volum som målestokk
- ❑ Hallingmo skal vidareutviklas som ein spennande kulturarena
- ❑ Hallingmo skal vidareutviklas som eit sentrumsintegreert område
- ❑ Hallingmo skal vidareutviklas om ein ressurs for utnytting av bakanforliggende område mot fjellet
- ❑ Hallingmo skal ut frå eit langsiktig perspektiv opparbeidast og byggast over ein kort tidsperiode – med innebygd fleksibilitet for å fange opp endringsbehov.
- ❑ Hallingmo skal vera ein samfunnsøkonomisk lønssam investering.

### **Universelle prinsipp for utviklinga av området.**

Følgjande tema er definert som viktige:

- Idrettsprofil.  
Idrett og aktivitet skal vera den berande aktiviteten i det nye Hallingmo
- Friskliv-/folkehelseprofil.  
Helseperspektivet skal vektleggast i utforminga av Hallingmo.
- Arrangementsprofil.  
Hallingmo skal bli ein arena for små og store arrangement.
- Energi-/miljøprofil.  
Hallingmo skal vektlegge energi og miljø.
- Byggestruktur.  
Det bør gjennomtenkast korleis ein kan innføre nye prinsipp til eksisterande struktur.
- Byggeområde.  
Som viktig utviklingsområde for Gol og Hallingdal må areal både til private og offentlege føremål prioriterast
- Infrastruktur og trafikk.  
Det vil bli auka trafikk i området, som må tilretteleggast med ein føremålstenleg infrastruktur i forhold til parkering, kollektivtrafikk, gangvegar, varleivering og trafikktryggleik.
- Parkmiljø  
Hallingmo må tilretteleggast for ulike typer aktivitetar som tilgang til grøntområde, i form av park og turstigar, og kulturaktivitetar og arrangement i form av t.d. uteamfi.
- Metafor-bruk  
I planprosessen er metaforen ”Universet” vald for å kunne tene som inspirasjonkjelde for profilering, arkitektur og estetikk.



## Sak 31/07, vedlegg 2

- Universell utforming  
Hallingmo skal kunne brukast av alle, og både bygningar og uteareal må gjevast ei utforming som ivaretek premissane for universell utforming.
- Drift og vedlikehald  
Det må vurderast korleis drift og vedlikehald kan ivaretakast.

### **Prioriterte utbyggingsprosjekt.**

- Barneskule
- Kunstfrossen skøytebane
- Service-senter m/bibliotek
- Storhall/idrettshall
- Nye kultursalar i eksisterande samfunnshus

Arbeidsutvalet meiner at utbyggingsprosjekta alle vil gi meirverdi i forhold til dagens tilbod på Hallingmo

### **Innkomne idéutkast.**

Arbeidsutvalet inviterte tre uavhengige arkitektfirma til å koma med innspel til vidareutvikling av Hallingmo-området, med fokus på skule, kultur, idrett og helse. To firma, Biong Arkitekter AS og DBC Arkitektur AS/Bjørndal Arkitekter leverte utkast. I tillegg har ordføraren levert ideskisse og modell.

Alle innspela har plassert skøytebane, med visse tilpassingar, på nåverande grusbane.

Begge arkitektfirmaene foreslår ny storhall plassert nord for grusbanen.

Samfunnshuset er ombygd til kultursalar både i forslaget frå DBC/Bjørndal og ordføraren.

Biong Arkitekter AS foreslår at nytt bibliotek og kulturhus blir bygd som frittstående bygg.

Ny barneskule er plassert vest for gangvegen til Petterbråten bustadområde. Som eit ledd i tilrettelegginga for nye bygg, foreslår arkitekten å rive eksisterande samfunnshus.

DBC Arkitektur AS/Bjørndal arkitekter vil skape eit "generasjonstorg" ved å bygge ny barneskule saman med eksisterande ungdomsskule og vidaregåande skule. Biblioteket er foreslått som eige bygg ned mot sentrum.

Ideskissa til ordføraren foreslår storhall i nedkant av dagens kunstgrassbane, mot Svøovegen.

Eit felles servicesenter med bibliotek er plassert som eit bindeledd mellom eksisterande bygningar og storhall. I servicesenteret vil det også kunne vera plass til vaksenopplæringscenter og evt. private næringsdrivande.

Arbeidsutvalet kjem ikkje med tilråding om å gå vidare med eit spesifikt utkast, men ser på alle forslaga som viktige innspel som må vurderast i den vidare prosessen. På grunnlag av ideskissene foreslår arbeidsutvalet likevel at ny barneskule blir plassert vest for gangvegen til Petterbråten. Utvalet påpeikar også at det må sikras areal til framtidig utviding av den vidaregåande skulen.

Servicesenter med felles resepsjonstenester, bibliotek, servering mm ser utvalet på som eit sentrum i Hallingmo og finn det naturleg at dette blir knytta opp mot eksisterande og nye bygg i området.

(Alle ideutkasta ligg i "Hallingmo-permen").

### **Innspel frå Gol Idrettslag.**

Gol IL har utarbeidd ein rapport "Forprosjekt Hallingmoprosjektet". Laget meiner at storhall på Hallingmo fyrst og fremst skal tene Gol IL og innbyggjarane i Gol, samt kunne vera merverkande til å trekke større arrangement til Gol.

Gruppene i Gol IL har slike anleggsbehov:

- ✓ Fotballgruppa – innandørs fotballhall for heilårsaktivitet. Banar for 5'er og 7'er fotball.

## Sak 31/07, vedlegg 2

- ✓ Skøytegruppa – fullverdig kunstfrosen skøytebane, oppvarmingsbane/indre bane og isflate for skøyteskule, isdans, hockey, bandy.
- ✓ Symjing – totalrenovering og utviding av noverande symjehall.
- ✓ Langrenn – Sprintløype, rulleskiløype/skiskyting, sommaranlegg med evt. kunstsnømoglegheiter om vinteren
- ✓ Friidrett – nytt dekke/oppgradering av det gamle dekket på idrettsbanen. Storhall med sprintbane, kast og hopp.
- ✓ Badminton – fem oppmerka banar. Meir halltid
- ✓ Handball – hall som ikkje blir brukt til anna enn idrettsføremål
- ✓ Turn – treng plass til større arrangement
- ✓ Alpint – treningssenter til grunntrening.

### Tilrådingar frå arbeidsutvalet.

- Det blir tilrådd at Gol kommune – på grunnlag av forprosjektrapporten (funksjonsanalysen) – tar eit steg vidare med tanke på realisering av Hallingmo-prosjektet
- Det blir foreslått at kommunen på basis av funksjonsanalysen går vidare med å definere romprogram for funksjonane som blir foreslått. Denne programmeringa vil krevje ytterlegare involvering av aktuelle interesseeigarar frå idretten, skulen, kulturlivet, frisklivet og aktivitetslivet for øvrig.
- Følgjande nye funksjonar blir foreslått:
  - Ny barneskule
  - Ny kunstfrosen skøytebane
  - Nytt servicebygg med bibliotek mv
  - Nytt vaksenopplæringssenter mv
  - Ny storhall/idrettshall og oppgradering av eksisterande samfunnssal til kultursalarTil desse anlegga høyrer diverse felles infrastruktur som også må planleggast.
- Fordi desse anlegga og innretningane på fleire måtar heng saman innbyrdes og i forhold til det beståande, blir det foreslått å prøve å gjennomføre utbygginga som eit samla prosjekt
- Lokaliseringa av dei nye anlegga og innretningane må avklarast som ledd i den vidare prosessen. Mykje talar for å legge det nye servicebygget sentralt i området mellom skulane og idrettsanlegga.
- Hallingmo-satsinga blir gjort medviten om at Gol kommune kan oppnå mykje gjennom å kanalisere sin ressursbruk – herunder eigenkapitalbruk – inn mot dei nye anlegga og innretningane.
- Det blir viktig å lage eigarkonstruksjonar som kan dra midlar ut av verkemiddelapparatet. Her vil eigarstrukturen/finansieringsstrukturen vera ein konsekvens av det som skal byggast. Funksjonsanalysen har samla sett påvist ein samhøyrigheit og kompaktheit som lovar godt mot annan offentleg finansiering.
- Kommunen bør i kraft av sine eigarinteresser sjå til at det blir etablert driftsselskap med medverknad frå private aktørar som kan garantere for minimumsleige.

### Overordna plan:

- I Kommuneplan for Gol 2001-2010 heiter det:  
”Aktivitatar og tilbod skal samlast og skapast i og rundt Gol Samfunnshus slik at det vert eit verkeleg kulturelt samlingspunkt i kommunen.”
- Utviklingsplan for Gol tettstad byggjer på følgjande visjon: ”Gol tettstad skal vere ein robust og livskraftig motor i lokal og regional utvikling.” Vidare heiter det i pkt. 6.2: ”Med bakgrunn i ynskt utvikling, inneheld utviklingsplanen for Gol tettstad følgjande tre prioriterte



## Sak 31/07, vedlegg 2

utviklingsområde:

Øvre sentrum, Storøyeni, Hallingmo.”

- Hallingmo-prosjektet har relevans til fleire mål og innsatsområde definert i Strategisk plan for Hallingdal:

”Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunesentra”.

Hallingmo-prosjektet er eit samfunnsbyggjande prosjekt, ikkje berre for Gol, men også Hallingdal. Det kan bli eit kraftig løft som vil gi fleire nye arbeidsplassar i distriktet.

”Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnerskap skal fremme aktivitet, god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal”

Hallingmo er meint å vera ein ”frisklivspark” for alle busett i Hallingdal og for tilreisande. Alle grupper skal finne noko på Hallingmo som gir tilhøyrigheit, samhøyrigheit og oppmerksomheit som grunnlag for å betre eigne livsvilkår.

”Mål 13: Vidareutvikle attraktive tettstader i Hallingdal”.

Hallingmo-prosjektet er eit utviklingsprosjekt som vil gi meirverdi i høve til dagens tilbod på Gol, både innan opplæring, idrett og aktivitetar, helse og kultur.

**Økonomi:**

For å koma vidare med prosjektet trengst ein prosjektorganisasjon i form av styringsgruppe og prosjektleiar. Midlar til prosjektorganisasjonen kan takast frå investeringsfondet. I tillegg bør ein undersøke om det fins eksterne kilder, regionale, statlege og private, som vil delta i finansieringa av prosjektet.

Vurdering:

### **Synergi/sambruk.**

Nøkkelordet for utvikling av Hallingmo er sambruk. Utan at interessereigarar og brukarar av området klarar å planlegge og utnytte bygningar og anlegg i fellesskap, vil ikkje Hallingmo kunne utviklast etter intensjonane. Det må vera ein påvisbar effektiviseringsgevinst og ein påvisbar synergieffekt.

- Storhallen må gjennom plassering og bruksareal kunne tene som gymnastikksalar for alle skulane i området , både barneskule, ungdomsskule, vidaregåande skule og vaksenopplæring
- Storhallen må vera fleksibel og enkelt kunne omgjera frå fotballbane - til handballbanar, fleire aktivitetssalar eller arrangementsarena
- Biblioteket, som i dag også tener som skulebibliotek for Gol ungdomsskule og Gol vidaregåande skule, må ha ei sentral plassering for å kunne vidareføre denne funksjonen og evt. tilførast fleire ”knutepunkt”-funksjonar.
- Samfunnshuset må ombyggast til kultursalar der sambruk mellom kulturlivet og dramalina ved Gol vidaregåande skule står i fokus
- Servicesenteret må vera bindeleddet mellom kulturaktivitetar, friskliv og storhall, og innehalde resepsjon med informasjons- og utleigeteneste for heile området, servering og bibliotek

### **Romprogram.**

Det må utarbeidast romprogram for dei funksjonane som blir foreslått lagt til Hallingmo. Dette gjeld ny barneskule, SFO, vaksenopplæringssenter, bibliotek, servicebygg med resepsjon og kafe, kino- og kultursal, storhall m/gymnastikksalar og skøytebane. I tillegg må det utarbeidast romprogram for andre funksjonar som kan leggjast til Hallingmo, som kulturskule, musikkverkstad, ungdomsklubb og utstillingsgalleri. Gol vidaregåande skule må legge fram oversikt over sitt arealbehov både i storhallen (kroppsøving) og i samfunnshuset

## **Sak 31/07, vedlegg 2**

(drama). Romprogramma må utarbeidast i tett samarbeid med brukarane/eigarane av dei enkelte anlegga slik at dette skjer i tråd med krav, normer og behov.

### **Kostnadsoverslag m/finansieringsplan og eigarkonstellasjonar.**

Når romprogrammet er definert, kan kostnadsoverslag utarbeidast. I denne fasen må ein også kunne hente inn arkitektbistand for å få fram ideforslag og skisser .

Finansieringsplanen må ta utgangspunkt i dei brukar- og eigarinteresser som fins i området. Desse interessene må også ligge til grunn for vurdering av framtidig driftsorganisasjon.

### **Infrastruktur.**

Utvikling av Hallingmo med skular, store arrangement og private næringsdrivande vil bety auka trafikk til og frå området. Infrastrukturen, medrekna parkeringsareal/-hus, må dimensjonerast etter dette.

Hallingmo må tilretteleggast for kollektivtrafikk og det må vurderast om skysstasjonen, som det samlande kollektivknutepunktet, skal oppgraderast. Kollektivtrafikken må sikrast nødvendige areal gjennom reguleringsplanarbeidet.

Trafikksikkerheit må ha høg prioritet fordi fleire mjuke trafikantar vil ferdast i området.

Eleventalet vil auke og større kultur- og idrettsaktivitet vil føre til at fleire barn og ungdom vil søke til området på fritida.

### **Prosjektorganisasjon.**

Som eit ledd i den vidare framdrifta av Hallingmo-prosjektet, må det etablerast ein prosjektorganisasjon. Organisasjonen bør bestå av ei styringsgruppe og ein prosjektleiar. Eit så stort og omfattande prosjekt vil krevje store ressursar og vil truleg gå over 2 – 3 år.

Rådmannen bør få fullmakt til å hente inn prosjektleiar, enten i form av mellombels tilsetting eller gjennom kjøp av tenester.

### Konklusjon:

Hallingmo-prosjektet blir vidareført. Det blir etablert ein prosjektorganisasjon som med utgangspunkt i dei prioriterte utbyggingsprosjekta frå forprosjektrapporten får utarbeidd romprogram for dei enkelte delprosjekta. Kvart delprosjekt må beskrivast med tilhøyrande budsjett, finansieringsplan og gjennomføringsorganisasjon. Eigarskap og driftsorganisasjon må konkretiserast. Prosjektorganisasjonen må vektlegge sambruk og synergi-effektar. Infrastrukturen i området, slik som parkering, kollektivtrafikk, gangveggar, varelevering og trafikksikkerheit, må vurderast særskilt.

Gol, 29.05.2007

Lornts Letnes, rådmann

Liv Rosén, avdelingsleiar

### **Merknad /vurdering frå ordførar:**

Hallingmoprojektet er ei erkjenning av at me bur berre vel 4400 innbyggjarar i Gol og ca 20 000 i Hallingdal. Samhandling, sambruk og synergiar er heilt avgjerande dersom me ynskjer å skape noko ekstra på desse områda innafor regionen eller kommunen, men me skal heller ikkje legge skjul på at akkurat slik samhandling, sambruk og sameksistens skapar større utfordringar og meir planlegging enn der det f eks berre blir tenkt skule isolert, idrettshall isolert osv.



## Sak 31/07, vedlegg 2

Forskjellen er at utan slik tenking vil berre det absolutt nødvendige bli realisert . Den ekstra verdien som kan skape ny næring, verdiskaping, optimisme og bulyst i regionen blir ikkje utløyst.

For å få til dette lyftet må det etablerast ein sjølvstendig prosjektorganisasjon. For å få til alle avklaringane mellom dei forskjellige aktørane, sørge for at alle meirverdiane blir utløyst og vera motor for å flytte prosjektet framover er det nødvendig med ei engasjert prosjektleiing som har fast blikk mot målet.

I prosjektfasen må det også avklarast kven som skal eige dei forskjellige ”planetane”, kva slag selskapsform som skal nyttast og samarbeidsformer mellom dei. Det må også avklarast det same i forhold til drift og eventuelt nye selskap må stiftast.

Ein må vera førebudd på at ein og same person neppe har kunnskap om alt det som skal utførast i prosjektet. Mange fagmiljø må konsulterast før ein kan gjera oppstartvedtak. Det blir difor viktig at prosjektet har midlar til kjøp av ekstra tenester som er nødvendige i prosjektfasen ut over lønn til prosjektleiar og øvrig drift av prosjektet.

Eit godt prosjektstyre er nødvendig. Det blir viktig at dei ”rette” personane med dei ”rette” forankringane er med å styrer prosjektet. Like viktig er engasjementet. Representasjon og forankring åleine er ikkje nok. Utan eit ekte engasjement med lyst å vilje til å skape noko ut over det vanlege blir ikkje prosjektet ein suksess.

### Framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret ynskjer å vidareutvikle Hallingmo-området som eit samfunnsbyggande prosjekt med regional betydning der idrett, aktivitet, arrangement, kunnskap, kultur og forebyggande helse er i sentrum slik som foreslått i forprosjektrapporten ”*HALLINGMOPROSJEKTET – et helt univers av nye muligheter ...*”.
2. For å vidareutvikle og konkretisere konseptet med sikte på realisering blir det oppretta eit sjølvstendig prosjekt. Det blir etablert eigen prosjektorganisasjon med prosjektleiar og eige styre med 5-7 medlemmer. Gol kommune er prosjekteigar
3. Prosjektet blir berekna til tre år med ein årleg kostnad på kr 750 000. Gol kommune yter 1.8 mill til prosjektet frå midlar avsett til investeringar. Det blir arbeidd vidare med fullfinansiering av prosjektet med tilskot frå andre finansieringskjelder. Dersom dette ikkje lykkast blir finansieringa vurdert på nytt av kommunestyret i løpet av prosjektperioden.
4. Rådmann og ordførar i Gol blir medlem i styret for prosjektet. Vidare blir lokalt næringsliv og lokal idrett invitert til å vera med i styret saman med representant frå regionrådet, fylkeskommunen og representant frå idrett på krets nivå.
5. Rådmann får ansvar for å opprette prosjektorganisasjonen i tett samarbeid med dei andre aktørane som blir representert i styret for prosjektet.
6. Kommunestyret er budd på eventuelle ”prosessvedtak” i løpet av prosjektperioden.
7. Eventuelt ekstra midlar til reguleringsplanarbeid og oppstart av dette blir vedteke i eige sak.
8. Målsetjinga er at før prosjektperioden er slutt skal Hallingmo vera klar for fysisk oppstart og realisering.

Gol, 30.05.07

Jan-Halvard Brekko, ordførar

**Formannskapet behandla saka den 07.06.2007, saksnr. 21/07**

**Behandling:**

Saksordførar

Tilleggs- og alternative forslag frå

- Hallvor Lilleslett (V) :  
til punkt 4: Rådmann, ordførar og rektor ved Gol skule blir medlem i styret for prosjektet.
- Mona Norhaug Faleide (SP):  
Nytt punkt 9: Fullføring av prosjekt Hallingmo blir gjennomført etter følgande prioritering;  
1. Bygging av ny skule, 1.-7.kl v/Hallingmo  
2. Bygging av storhall.
- Ingrid Wollebæk (AP)  
tillegg til punkt 4, ...Vidare blir....lokalt næringsliv, lokal idrett og kultur invitert...

**VOTERINGAR:**

Fyrst votering over heile framlegget frå ordføraren, deretter tilleggs- og endringsframlegga for eventuelt å justere.

Framlegget i utgangspunktet, samrøystes vedteke.

Framlegga frå

- Lilleslett – tillegg fekk tilslutning frå Nordahl, Norhaug Faleide og forslagsstillar og fall med overvekt på fire røyster.
- Norhaug Faleide – endra prioritering/ev punkt 9 – fekk tilslutning frå forslagsstillar, og fall. Frå fleirtalet var det understreka at m.a. prioritering av rekkjefølgjer i konkrete tiltak naturleg måtte liggje i prosjektet og ikkje vera gjenstand for ei førehandsbinding nå.
- Wollebæk - tillegg fekk tilslutning frå Stavn, Lilleslett og forslagsstillar, og fall med overvekt på fire røyster.

**Vedtak:**

*Formannskapet tilrår overfor kommunestyret:*

1. Kommunestyret ynskjer å vidareutvikle Hallingmo-området som eit samfunnsbyggjande prosjekt med regional betydning der idrett, aktivitet, arrangement, kunnskap, kultur og forebyggjande helse er i sentrum slik som foreslått i forprosjektrapporten ”*HALLINGMOPROSJEKTET – et helt univers av nye muligheter ...*”.

## Sak 31/07, vedlegg 2

2. For å vidareutvikle og konkretisere konseptet med sikte på realisering blir det oppretta eit sjølvstendig prosjekt. Det blir etablert eigen prosjektorganisasjon med prosjektleiar og eige styre med 5-7 medlemmer. Gol kommune er prosjekteigar.
3. Prosjektet blir berekna til tre år med ein årleg kostnad på kr 750 000. Gol kommune yter 1.8 mill til prosjektet frå midlar avsett til investeringar. Det blir arbeidd vidare med fullfinansiering av prosjektet med tilskot frå andre finansieringskjelder. Dersom dette ikkje lykkast blir finansieringa vurdert på nytt av kommunestyret i løpet av prosjektperioden.
4. Rådmann og ordførar i Gol blir medlem i styret for prosjektet. Vidare blir lokalt næringsliv og lokal idrett invitert til å vera med i styret saman med representant frå regionrådet, fylkeskommunen og representant frå idrett på krets nivå.
5. Rådmann får ansvar for å opprette prosjektorganisasjonen i tett samarbeid med dei andre aktørane som blir representert i styret for prosjektet.
6. Kommunestyret er budd på eventuelle "prosessvedtak" i løpet av prosjektperioden.
7. Eventuelt ekstra midlar til reguleringsplanarbeid og oppstart av dette blir vedteke i eige sak.
8. Målsetjinga er at før prosjektperioden er slutt skal Hallingmo vera klar for fysisk oppstart og realisering.